



Pressemelding frå Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)

Stord, 24.2.26

SKL med godt resultat i 2025

I 2025 fekk me nok eit år med store skilnadar i pris på fornybar kraft i Noreg. I prisområdet der Sunnhordland kraftlag (SKL) har størst del av sin produksjon, var det likevel relativt sterke prisar. Med om lag 10% høgare produksjon enn middelproduksjon for SKL blei det eit godt resultat for selskapet også i 2025.

– 2025 var eit godt år for SKL, med eit sterkt økonomisk resultat og oppstart av prosjekt som kjem til å gi ny kraft og effekt til kraftsystemet, seier John Martin Mjånes, administrerende direktør i SKL.

Vass- og vindkraftprodusenten hadde ei omsetning på 2 568,5 mill. kroner. Årsrekneskapen viser også eit resultat etter skatt på 603,4 mill. kroner.

Til saman produserte SKL 2 530 gigawatt-timar (GWh) med vasskraft. Det tilsvarar straumen til om lag 170 000 hushaldningar . Produksjonen frå småkraftverka som er konsolidert inn i konsernet vart 135 GWh. I tillegg blei det produsert 349 GWh med vindkraft gjennom SKL sitt eigarskap i Midtfjellet Vindkraft AS, som tilsvarar straumen til om lag 24 000 hushaldningar.

Byggestart for Blåfalli Fjellhaugen

– Me starta å bygga på prosjektet som er selskapet si største investering gjennom tidene, Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, i Kvinnherad kommune. Dette er eit kraftverk som SKL har modna fram over lang tid og som me endeleg klarar å realisera, fortel Mjånes.

Blåfalli Fjellhaugen kraftverk skal tilføra nye 185 MW og rundt 70 GWh årleg. Oppgraderinga fører og til ei vesentleg betre nytting av ressursane som er i produksjonssystemet i Blådalsvassdraget frå før.

I tillegg til Blåfalli Fjellhaugen starta SKL på bygginga av Onarheim Kraftverk på Husnes i Kvinnherad, ilag med Kvinnerad Energi og lokale eigarar. Kraftverket er venta å produsere 18 GWh. I Åkrafjorden starta SKL bygginga av Tøsse kraftverk som er venta å produsere 15 GWh.

I tillegg til høg produksjon, hadde SKL sine anlegg god *oppetid*: – At anlegga i så stor grad har vore i stand til å produsera kraft når me treng det, kan ikkje overvurderast. Det har mykje å seia, og er ekstra krevjande i ei tid der me har auka prosjektaktiviteten i selskapet, seier Mjånes.

SKL selde det meste av krafta til prisen som til ei kvar tid var i marknaden i 2025, med unntak av krafta som er omsett i Midtfjellet Vindkraft AS. Der er 297 GWh av produksjonen solgt på fastprisavtalar. Frå 2026 har SKL inngått fastpris-avtalar på ytterlegare 300 GWh, noko som skal bidra til å jamna ut resultatata i ei tid der det blir investert mykje.

Investerer i regionen

SKL skal drifta, utvikla og bygga fornybar energi på ein forsvarleg og kostnadseffektiv måte. Samla investeringar for konsernet i 2025 utgjer 831 mill. kroner i 2025. Av dette utgjer 317,8 mill. kroner kjøpet av vindparkane Gismarvik og Storøy i Rogaland. 217,3 mill. kroner gjeld bygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Andre store postar er 64 mill. kroner til fullføring av nye Litledalen og Hardeland kraftverk, som blei sett i prøvedrift i desember. Det blir investert 31 mill. kroner i Onarheim Kraftverk og 20 mill. kroner i Tøsse kraftverk, som begge fortsatt er under bygging. Det blei investert 64 mill. kroner i utskiftingar av trafo, kablar og utandørs koplingsanlegg på Blåfalli 3, eit arbeid som går over tre år. Resten av investeringane har i hovudsak gått til reinvesteringar i eksisterande anlegg, herunder oppgradering av dammar, bygg, med meir.

Høg vasskraftproduksjon

SKL produserte totalt 2 530 GWh med vasskraft i dei store anlegga i 2025. Det er 229 GWh eller cirka 10% høgare enn det som er rekna som middelproduksjon. Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 135 GWh, mot middelproduksjon som er 153 GWh. Total nedbør i Matre i Kvinnherad, der SKL har sitt største anlegg i Blådalsvassdraget, blei 3 228 mm, som er 2% lågare enn eit gjennomsnittsår.

Utvida vindkraftsatsinga

SKL overtok 95% av Midtfjellet Vindkraft den 27. September 2024. 2025 var første heile driftsår i SKL sitt eige. Den totale årsproduksjonen var 349 GWh, mot normalproduksjon på 424 GWh. Svikten i produksjonen skyldast ein kombinasjon av lite vind og teknisk utetid. Midtfjellet har førehandsselt 297 GWh til ein pris på 26,4 øre/kWh. Ved utgangen av året kjøpte SKL vindparkane Gismarvik og Storøy i Rogaland med produksjon på hhv. 37 og 25 GWh.

Helse, miljø og tryggleik

I 2025 hadde SKL ingen skader med fråvær (H1), men to skader utan fråvær (H2). Talet for H1 var derfor 0 og talet for H2 14,7. Tilsvarende tal for 2024 var null skade med fråvær og H1 verdi lik 0, men H2-verdi lik 8,9 etter ein skald med fråvær. Samla sjukefråvær var 3,7%, mot 3,4% i 2024.

Årsrekneskapen blei handsama i styret 24. februar 2026. Styret tilrår ovanfor generalforsamlinga ei utbetaling til aksjonærane på 360 mill. kroner. Generalforsamlinga blir halden 28. april.

Om SKL

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar kraft. SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Vestland- og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland Kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusa, Rødne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8.75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 474 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk. I tillegg eig SKL 95 % av Midtfjellet Vindkraft, der andelen av den totale forventa produksjonen er 402,4 GWh. Ved utgangen av 2025 kjøpte SKL vindparkane Gismarvik og Storøy i Rogaland med produksjon på hhv. 37 og 25 GWh.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i egne dotterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår 13 småkraftverk i egne selskap. Desse er alle sett i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 153 GWh. Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 135 GWh.

Selskapet deltar også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

KONTAKTPERSONAR

Adm.dir John Martin Mjånes 53 49 60 00 / 97 55 60 09

Økonomisjef Knud Nagell Dahl 53 49 60 00 / 97 55 61 90